



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:

2012/212-9
S05

Sakshandsamar:

Steinar Kyrvestad
steinar.kyrvestad@valle.kommune

Dato

06.03.2017

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR REGULERING AV HOVATN, FISSTØYLVATN OG RAUVATN I FINNDØLAVASSDRAGET.

Syner til kopi av brev til Arendals Vasdrags Brugseierforening til Valle kommune av 13.01.2017. I brevet kjem det fram at NVE har gjort vedtak om at det skal gjennomførast vilkårsrevisjon av konsesjonen gitt i Kgl. Res av 7.4.1961 – Tillatelse til å regulere Hovatn, Fisstøylvatn og Rauvatn.

Valle kommune vil berre presisere følgjene.

- Det må leggjast betre til rette for ålmenta si bruk av magasinet i Finndalen. Viktig i denne samanheng er tilkomstveg til og parkering i Torsdalen, samt at tilhøva for å sette ut båt er lagd godt til rette.
- Skjær og båar i magasinet må merkast, dette vil vere til stor nytte og auke tryggleiken.
- Det må setjast krav til magasinifylling i sommarhalvåret. Gjerne knyt til ei kotehøgde. Strendene er svært skjemmande når magasinet er lågt. Dei store strendene øydelegg og leveområde for fisk og andre organismar som har vatnet som sitt leveområde.
- Trær og røter losnar frå strendene og driv omkring i magasinet. Dette er til fare for ferdsla på magasinet og til stor ulempe for dei som fiskar. Dette må ryddast i.
- Tilrettelegging for å kome i land t.d på Kyrkjehomen, om tradisjonen med Olsokmessa vert teke opp att.
- Brua over Finndøla der Bispevegen kryssar, må vere regulanten si oppgåve å vedlikehalde.
- Manøvreringsreglementet av 7. april 1961 pkt.1 Reguleringsgrensen er: der HRV kote er 617,0 og LRV kote er 596,0. I dag manøvreras vel magasinet mellom HRV kote 706,49 og LRV kote 685,49

Valle kommune meiner at det er viktig at regulanten tek omsyn til desse punkta i si utarbeiding av revisjonsdokumentet.

Med helsing
Valle kommune

Steinar Kyrvestad
ordførar

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Kopi til:

FYRESDAL KOMMUNE

ARENDALES VASSDRAGS BRUGSEIERFORENING

Klokkarhamaren 6

Postboks 704 Stoa

3870

4808

FYRESDAL

ARENDALE